



Arbeidet med kloakkreinseanlegga i Uskedalen er i ferd med å koma eit steg vidare etterat reinseanlegga på Korsnes og Børnes vart fullført. No står det neste byggjesteget for tur.

Fredag var det anbods-synfaring for dei firma som vil leggja inn anbod på kloakkleidningane.

Det er to anbod - eitt for leidningane på land og eitt for leidningane som skal føra kloakken frå dei sentrale delane av Uskedalen og fram til Børnes via fjorden.

Sju-åtte firma er interesserte og var representert under synfaringa som mellom anna gjekk innom båthamna, Øyro Marina og Rabben Feriesenter.

Fristen for å leggja inn anbod er 4. september, opplyser avdelingsingeniør Sigbjørn Øye til uskedalen.no.

- Og når blir det anleggsstart?

- Det er enno ikkje bestemt, mellom anna fordi det står att forhandlingar med grunneigarar, svarar avdelingsingeniøren.

Heller ikkje kan det førebels seiast noko bestemt om når dette byggjesteget kan vera fullført.

Av Ola Matti Mathisen